



Kyrkjebladet

for
BYGLAND

Nr. 2

Påske 2017

74. årgang



Morgonsol over Nånesveten og Skjevraknuten ein fager vinterdag.

Foto: Olav Nilsen

Dette kan du lese om i Kyrkjebladet:

Andakt.....	s. 2
Det gode landet.....	s. 3
Årsfest	s. 4
Bli med på pilegrimsvandring.....	s. 5–7
Snekkergruppa.....	s. 8–9
Gudstenesterekke, heimeside og Facebook.....	s. 10
Kontortid og telefonliste, konfirmasjonar og Påska i ord og tonar.....	s. 11

Rein og rettferdig!

Kjell Steinbru

Kva er påske? For mange er det vel gule farger, egg, kyllingar, gåsugar, lammesteik, ferie, Kvikk Lunsj, appelsin, skitur, klisterføre og solkrem og alt det andre vi forbind med påske.

For dette, og mykje meir, er med på å skape påkestemning rundt omkring der folk oppheld seg i påska. Når eg skriv dette, er vi i overgangen mellom jul og påske. Det er fastelavnssundag som markerer denne overgangen. Jula er ei populær kristen høgtid. Historia om det vesle barnet som vart sveipt og lagd i ei krubbe mens englane song der ute, kan vi nesten ikkje høyre nok.

Men påska sin bodskap har langt mindre nedslag i det breie lag av folket. Påskeforteljinga har ikkje fått den same merksemda som juleforteljinga. Og det er ikkje så vanskeleg å skjøne. Påskebodskapen kan ein ikkje la gå forbi utan at ein må ta stilling til han. Og dei brutale hendingane i påskeveka er ikkje akkurat egna til kveldskos med borna. Det er meir som ein påskekrim med høg aldersgrense. For her handlar det om ein som vert uskuldig dømt, torturert på det verste og avretta på den mest pinefulle måten.

Kvifor alt dette triste og tragiske? Det står jo så mye fint om kjærleik og fred i bibelen. Kan vi ikkje heller ha fokus på det? Heile Bibelen er jo ein

kjærleiksbodskap frå Gud til oss menneske. For så elska Gud verda, heiter det i bibelverset Den vesle bibelen i Joh. 3,16.

Men Jesus var så mykje meir enn eit spirituelt menneskje som fekk ein tragisk lagnad. Vi finn mange vers i bibelen som peiker fram imot Messias, denne "ærens konge" som skulle komme, og det var ei sterk forventning i det hardt prøva folket den gang om at Messias snart skulle kome og fria folket sitt ut ifrå det romerske åket.

I profetboka til Jesaja står alt dette med Herrens lidande tenar, Messias, forklart. I kapittel 53 kan vi lese at *det var Herrens vilje å knusa han med sjukdom.*

Ja, at det til og med var for vår skuld dette hende: *Men han vart såra for våre brot, knust for våre synder. Straffa låg på han, vi fekk fred, ved hans sår vart vi lækte.*

Jesus forklarar dette med sin død og si oppstode på denne måten da han er saman med læresveinane for siste gong, på den dagen som vi kallar Kristi himmelfartsdag: *Så sa han til dei: «Dette var det eg tala til dykk om medan eg endå var saman med dykk, at det måtte oppfyllest, alt det som står skrive om meg i Moselova, hos profetane og i Salmane.» Så opna han forstanden deira så dei kunne skjøna skriftene, og*

han sa til dei: «Slik står det skrive: Messias skal lida og stå opp frå dei døde tredje dagen, og i hans namn skal omvendning og tilgjeving for syndene forkynnast for alle folkeslag». Luk 24,44ff Jfr. Hosea 6,2.

Vi har eit val: Vi kan velje å la dette bare vere segner og eventyr: Jesus var ein dugande mann som fekk mange til å tru på alt det han sa. Eller vi kan ta dette til oss dette, og late det verte som Paulus skriv: *ei Guds kraft til frølse for kvar den som trur.*

Sjølve ordet Påske tyder "Forbigang", og har sitt opphav frå den gang Herrens engel slo i hel alle førstefødde hos alle som ikkje hadde stroke lammets blod på dørstokken. Med Jesus fekk dette ei ny tyding: Jesus er det nye påskelammet, Guds førstefødde, han som vart ofra av Gud, til soning for alle våre synder.

Lat oss igjen gå attende til Jesaja 53 der dette vert forklart i poetiske vendingar: *Men han vart såra for våre brot, knust for våre synder. Straffa låg på han, vi fekk fred, ved hans sår vart vi lækte.*

Gjennom sitt offer har Jesus bana ein veg for oss inn til Guds stad. Med Jesus kan vi stå framfor Gud reine og rettferdige, ja himmelen verdig.

Med dette som bakgrunn er det all grunn til å ønskje alle ei riktig god og velsigna påske!

Det gode landet

Tekst og foto: Olav Nilsen

Fredag 27. januar vart syngespelet Det Gode Landet av Eivind Skeie og Sigvald Tveit framført i Bygland kyrkje.

Dette var eit fellesprosjekt mellom Evje og Hornnes Menighetskor og deltakarar frå Vonheimkoret på Bygland.

Som solistar deltok Jens Olai

Justvik og Renate Aasen, medan Torhild Austad las tekstane som hørde med.

Dei fire borna Annabel Alexis, Sunniva Aasen, Beatrice Alexis og Camilla Stanghelle imponerte med sine bidrag.

Alt var sydd saman av musikalsk

leiar og pianist Thomas Stanghelle, som og er dirigent for Evje og Hornnes Menighetskor.

Det vart ein fin kveld og ei stor musikalsk oppleving for alle dei frammøtte i Bygland kyrkje denne mørke vinterkvelden i januar.



Oddvar Moen og Signe Lomeland frå Kile på Hægeland var i Bygland kyrkje for fyrste gong, og møtte opp før alle dei andre.



Frå venstre Beatrice Alexis, Sunniva Aasen, Annabel Alexis og Camilla Stanghelle imponerte med songen sin, både åleine og saman med koret



Jens Olai Justvik og Renate Aasen fylte Bygland kyrkje med fagre og rungande tonar under solonumra sine.



Knut Gakkestad gav ein velfortent takk til alle utøvarane for den flotte og innhaldsrike konserten.

Årsfest for Bygland sokn

Tekst og foto: Olav Nilsen

Sundag 12.mars var det Årsfest i Bygland kyrkje, der vår nye sokneprest Kjell Steinbru formelt vart innsett.

Leiaren i Bygland sokneråd, Knut Gakkestad, las kallsbrevet frå biskopen, og prost Gunnar Ellingsen vigsla han til tenesta.

Vonheimkoret song, soknepresten tala over sundagens tekst, og etterpå vanka det kaffi, smørbrød, kaker og andre godsaker på Vonheim bedehus. Her vart og årsmeldinga for Bygland sokn opplesen, før Knut Gakkestad takka Torhild Austad og Harry Andersen som

no har slutta etter lang og tru teneste som kyrkjetenarar/klokkarar i henholdsvis Austad og Bygland kyrkje.

Det vart ein flott og innholdsrik ettermiddag og kveld for kyrkje-lyden i Bygland



Knut Gakkestad gav ein velfortent takk til Torhild Austad for lang og tru teneste i Austad kyrkje, Tveit.



Harry Andersen fekk og si velfortente takk for si gjerning i Bygland kyrkje.



Sokneprest Kjell Steinbru vert vigsla til tenesta av prost Gunnar Ellingsen.



Vonheimkoret gledde oss med songane sine.



Sokneprest Kjell Steinbru heldt som alltid ein engasjert og innholdsmetta tale over sundagens tekst.

Bli med på pilegrimstur til Røldal 7.-9. juli

I år blir det satt opp en buss fra Kristiansand fredag 7. Juli kl. 10.00 med oppsamling av deltakere i Setesdal. Vi regner med at bussen er kl. 11 på Evje og 11.30 i Bygland . Vi skal bo på pilegrimers vis på Haukeliseter første natta, og i Røldal natt til søndag.

Vandringa fra Dyrskar – Midtlæger er 19 km lang. Fra høgste punktet ned til Røldal er høydeforskjellen over 1000 meter i storslagen natur.

På vei ned til Røldal skal vi besøke setra til Olav Tveita.

De som ikke ønsker å vandre kan følge bussen og oppleve pilegrimsstevnet i Røldal. Felles for alle er at vi skal delta på midnattsgudstjeneste i Røldal kirke.

Bjarne Tveiten deltar på turen og forteller om pilegrimstradisjonen fra Setesdal til Røldal og om boka «Underet i Breive».

Rolf Martin Synnes er årets pilegrimsprest.

Meld deg på vandringa til Harry Andersen i Bygland, epost: harry@mvh.no, Mobil: 996 24 019.

Se innstikk i bladet!



Bli med på pilegrimsvandring til Røldal

Pilegrims-weekend eller dagsvandring fra Kaldevatn til Røldal

2017

19 km


Weekend 7.-9. juli

Dagsvandring: 8. juli


Midnattsgudstjeneste

Se eget program:

roldalstavkyrkje.no



PILEGRIM



PÅMELDING/PRIS:

Dagsvandring Kr. 690,-

Weekend m/buss

fra Kristiansand Kr. 2.490,-

Påmelding:

bjornar.morenskog@outlook.com

Tlf: 91 13 65 64



Arr: Agder og Telemark Bispedømeråd

og Bjørnar-Mørenskog.

Bjørnar tur



Pilegrimsprest
Rolf Martin Synnes
er årets leder av
pilegrimsvandringa.



“Det går en pilegrimssti gjennom hvert menneskesinn”

Erik Bye

OPPLEV:

Pilegrimshelg i Røldal 7.-9. juli.

- Midnattsmesse
- Dagsvandring fra Kaldevatn på Haukeifjell til Røldal 8. juli 2017

Program for pilegrimsturen:

Fredag 7. juli Kl. 10.00 Buss fra Kristiansand

Påstigning underveis.

14.00 Lunsj på Hovden

19.00 Vi ankommer Røldal og pilegrimstevnet. Middag

Lørdag 8. Juli Frokost, smør med niste.

Vi kjører fra Røldal til Midtlægre- Kaldevatn.

Vandring mot Røldal.

Midnattsmesse i Røldal stavkyrkje med sitt berømte svettende krusifiks.

En pilegrim har en veg å gå, og et mål å håpe på. Vi tar den tida vi trenger.

En pilegrim trenger mat for både kropp og sjel.

Vi har refleksjon i sammenheng med matpausen. Når vi begynner vandringa igjen, vil det være en stille time, der pilegrimen kan gå i egne tanker, eller som det også blir sagt: "Noen ganger går jeg og tenker, andre ganger bare går jeg."

Refleksjoner ved Gluggevarskaret

Besøk på stølen til Olav A. Tveita før nedstiging til Røldal.

Serivering av rømmegraut.

Vi kommer samlet til pilegrimsmålet Røldal kirke.

Bo som en pilegrim.

Ta med sovepose og laken.

Vi overnatter på pilegrims vis inne på hytte eller i lavvo i Røldal.

De eldste velger seng først – så går det videre etter alder. Det er mulighet for å betale direkte til skyssstasjonen for oppgradering.

Spenninga stiger

Alle som kommer til Røldal den 8. juli kan delta på krossvandring om kvelden fra føten av Austmannlia med påfølgende midnattsmesse. Pilegrimstevnet blir avslutta med felles frokost søndag.

For mer info om pilegrimstevnet se: roldalstavkyrkje.no roldal.com

Dagsvandring kr 690.-

Oppmøte i Røldal

Dagsvandring fra Midtlægre - Kaldevatn. Prisen inkluderer transport fra Røldal til Midtlægre, Rømmegrøt og spekeemat på setra til Olav Tveita, og middag i Røldal.

Vi deltar på midnattsgudstjeneste i Røldal kirke.

Pilegrims-weekend kr 2.490.-

Inkluderer bussreise med oppmøte i Kristiansand, lunsj på Hovden og overnatting på pilegrims vis.

Middag i Røldal fredag og lørdag, frokost lørdag og søndag.

Rømmegrøt på setra før nedstiging til Røldal.



Snekker

Tekst og foto:



Åsmund Moe syner stolt fram bowlingkjegla han har gjort ferdig.

Den 19 Januar startet vi opp med snekkergruppe på sløydsalen på barneskolen i Bygland.

Målet er å la barna få høre om Jesus, og få et personlig forhold til Ham. Det betyr at vi begynner med andakt, bønn og gjerne en sang. Deretter starter vi med å lage ting i tre. Barna kan selv velge hva de har lyst til å lage, og viser stort engasjement og glede. De liker å lage ting. Vi samles hver torsdag mellom 19.00 og 19.15. Vi holder på til kl 21.00

Første gangen vi startet gruppa, var det en som kom. Nå har vi vært helt opp i 10 stk. Gruppa er for både jenter og gutter, mellom 5 til 8 klasse.



Thea Knutsdotter Bygland i djup konsentrasjon.



Eskild Fjeringstad får god rettleiing av Svein Kleivane.

gruppa

Simon Urdal

Bildene er fra snekkergruppa den 2 Mars. Vi hadde en veldig fin kveld. Svein Kleivane var med. Vi begynte med andakt og sang. Jeg fortalte om en sterk opplevelse jeg hadde på et barnehjem i Bolivia, Sør-Amerika. Etterpå snekret vi. Svein hadde med noe material til å lage fuglekasser.

Jeg hadde fått en gave fra en i Mosby. Det var bowling-sett i tre. Guttene fikk gjøre bowling-kjeglene ferdige. Vi hadde det mye gøy med dette.

Kim Andre Nomeland har også vært med som leder.

Hvis noen har interesse av å være med som leder eller deltaker, er det bare å ta kontakt på mail simon_urdal1@hotmail.com



Thomas Torsvik er godt nøgd med meisterverket sitt.



Eskild Fjerdingstad får det til.



Ånund Homme legg siste hand på verket.



VELKOMEN TIL GUDS HUS, KYRKJA DI!

Sundag 9. april
– **Palmesundag**
Hovatn kl. 12.00.
Friluftsgudsteneste.
Kjell Steinbru

Torsdag 13. april
– **Skjærtorsdag.**
Byglandsheimen kl. 15.00.
Gudsteneste. Nattverd.

Sandnes kyrkje kl. 19.00.
Skjærtorsdagsgudsteneste felles
for alle kyrkjelydane. Nattverd.
Kjell Steinbru
Takkoffer: Bibelselskapet

Fredag 14. april
– **Langfredag.**
Årdal kyrkje kl. 19.00.
Pasjonsgudsteneste felles for
alle kyrkjelydane. Nattverd.
Rune Stormark

Laurdag 15. april
– **Påskeaftan**
Austad kyrkje kl. 19.00.
Påska i ord og tonar.

Takkoffer: Kyrkjemusikalsk
arbeid.

Sundag 16. april
– **Påskedag**
Bygland kyrkje kl. 11.00.
Høgtidsgudsteneste. Påskelyset
vert tent. Nattverd.
Kjell Steinbru. Vonheimkoret.
Takkoffer: KVS-BYGLAND

Sundag 30. april
Årdal kyrkje kl. 11.00.
Høgmesse. Nattverd.
Rune Stormark
Takkoffer: NLM
Kyrkjelydens årsmøte rett etter
gudstenesta.

Sundag 7. mai
Sandnes kyrkje kl. 17.00. Felles
samtalegudsteneste med
konfirmantane. Kjell Steinbru
Takkoffer: KRIK

Sundag 14. mai
Årdal kyrkje kl. 11.00.
Gudsteneste. Dåp
Kjell Steinbru
Takkoffer: Byglandsfjord
Ungdomsforening

Onsdag 17. mai
– **Nasjonaldag**
Årdal kyrkje kl. 11.00.

17. maigudsteneste.
Kjell Steinbru
Takkoffer: Barnekoret på
B-fjord
Etterpå felles 17.mai-feiring på
Landskogen Fredssenter

Sundag 21. mai
Bygland kyrkje kl. 11.00.
Gudsteneste med konfirmasjon.
Kjell Steinbru
Takkoffer: Kyrkjelyden sitt
misjonsprosjekt

Sundag 4. juni
– **1. pinsedag**
Greptin gamle kyrkjestad
kl. 11.00. Gudsteneste med
konfirmasjon. Kjell Steinbru
Køyr frå Ose sentrum til
Morstøyl ved Reiårsvatn.
Ta med stol.

Laurdag 10. juni
Austad kyrkje kl. 11.00
Gudsteneste med konfirmasjon.
Kjell Steinbru
Takkoffer: Kirkens nødhjelp

Sundag 25. juni
Tveitå kl. 12.00
Friluftsgudsteneste.
Kjell Steinbru

No er vi på Facebook!

Kyrkjelyden har no fått ei eiga Facebookside. Du kan finne ho på <https://www.facebook.com/Byglandskyrkjene>. Ein kan sjå på innhaldet i sida utan å ha ein Facebook-konto. Men ein kan ikkje skrive noko eller lika noko der utan å ha ein konto. Gå inn og lik og følg sida, del og kommenter, så at sida får stor utbreiing og nytte!

Heimeside

Vi har også ei eiga heimeside der det vert lagt ut aktuelt stoff. Sida har denne adressa: <http://kirken.bygland.no>. Her finn ein mykje informasjon, mellom anna ei kontaktliste med telefonnummer til tilsette og ein kalender som syner kva som skjer framigjennom.

Om nokon har stoff, bilete etc. som kan leggest ut på heimesida, ta kontakt med soknepresten.

Desse datoane er det konfirmasjonar i Bygland:

Sundag 21. mai kl. 11.00: Bygland kyrkje.

Sundag 4. juni kl. 11.00: Utendørs ved Greptin gamle kyrkjestad. Sjå eige omtale.

Laurdag 10. juni kl. 11.00: Austad kyrkje.

Det er felles samtalegudsteneste sundag den 7. mai kl. 17.00 i Sandnes kyrkje.

Friluftsmesse ved Hovassdammen Palmesundag 9.april kl.12.00

Tekst: Svein Kleivane.

I fjor blei messa avvikla i strålende påskever. Fleire titals skutere kom fresande og mange titals folk møtte opp. Ei flott høgtidsstund.

Presten Rune Stormark hadde ordna seg skyss på ein av dei eldste og mest velbrukte skuterane.

Om det var tilfeldig eller om det var for å synleggjera bodskapen denne dagen om då Meist-eren sjølv reid inn i Jerusalem på det simplaste køyretøyet som fantest den gongen, veit me ikkje.

I år er det sokneprest Kjell Steinbru som skal forrette. Han kjem kan hende på ski...

I alle høve - vel møtt!

Og om det vert ulagleg ver blir messa i Sandnes kyrkje til same tid kl.12.00.

Konfirmasjonar i Bygland:

Sundag 21. mai kl. 11.00: Bygland kyrkje
Amund Skjevraak, Julia Jablonski, Kristian Risa, Marcel Jablonski, Thea McShane

Sundag 4. Juni kl. 11.00: Greptin gamle kyrkjestad
Johans Frøysnes

Laurdag 10. juni kl. 11.00: Austad kyrkje
Anne Besteland, Vilde Andersen

Konfirmasjonar på heia

På pinsedagen, søndag den 4. juni kl. 11.00, skal Johans Frøysnes verte konfirmert på ei gamal kyrkjetuft inne på Setesdal vesthei. Dette vert ei vanleg gudsteneste open for alle, og det hadde vore ekstra triveleg om det var godt frammøte denne dagen. Kyrkjestaden heiter Greptin, eller Morstøyl. Ein kjem dit ved å køyre opp frå Ose sentrum, omlag 20 minutt. Ein kan køyre heilt fram. Veggen er merka og grei å finne. Ta med campingstol, og gjerne ein termos med kaffi til eit lite samvær etterpå. Om vêret skulle bli heilt umogeleg, vert gudst- enesta flytta til Sandnes kyrkje på Åraksbø.

Påska i ord og tonar

Påskaftan laurdag 15.april kl.19.00 inviterer me endå ein gong til "Påska i ord og tonar" i Austad kyrkje.

Musikk ved Ian Richards.
Song av Tone Rysstad, Tora Åkre Lund og Gunnar Gautland.

Lyrikk ved Svein Kleivane.
Tekstlesing ved Knut Gakkestad.
Andakt.

Me gjev ei gåve til det kyrkjemusikalske arbeidet i kyrkelyden.

KONTORTID TELEFONLISTE Kyrkjelydane i Bygland

Bygland kyrkjekontor, kommunehuset
4745 Bygland **37 93 47 00**
Telefaks **37 93 47 01**

Heimeside: kirken.bygland.no

Sokneprest Kjell Steinbru
Kontortid: Tysdag kl. 09.00–15.00
Telefon: 473 28 472
E-post: prest@evje.kirken.no

Kyrkjeverja har kontortid til
følgjande tider:
Onsdag kl. 09.00–15.00
Torsdag kl. 09.00–15.00
E-post: kbnilsen@hotmail.com

Kyrkjeleg fellesråd og sokneråd
Bygland kyrkjelege fellesråd og
Bygland sokneråd, leiar:
Knut Gakkestad Tlf.: 37 93 58 46
Mobil: 948 80 383
E-post: knutgakkestad@yahoo.no

Årdal sokneråd, leiar:
Gunnar Gautland 908 25 928
E-post: ggautland@bygland.no

Tilsette
Kyrkjeverje
Olav Nilsen 982 99 711

Klokkar og kyrkjetenar, Sandnes
Knut Gakkestad 37 93 58 46

Kyrkjetenar og klokkar, Årdal
Olav Sordal 37 93 42 81


Kyrkjetenar og klokkar, Bygland
Kim Andre Thorstensen . . 984 69 989
Svein Kleivane 977 74 321

Kyrkjetenar, Austad
Tore Moseid 37 93 43 54

Reinhaldarar
Tora Vegusdal
(ansv. Årdal) 37 93 41 34
Maria Bue (Bygland) 37 93 53 70
Thora Bakke Nordgarden
(Sandnes) 994 54 393

B - BLAD

Returadresse: Setesdalstrykk a.s
Kinovegen 16, 4735 Evje



Ettermiddagssol over Byglandsfjord

Foto: Olav Nilsen